GOL OG HEMSEDAL

# Kyrkjeblad

Nr. 2 April 2019 70. årgang

INNHALD

Min salme ..................................2
Andakt .........................................3
Den gong då ...............................3
Praktiser oppstandelsen .............4
Er det håp for ungdom i kirken?... 4
Unike gaver ............................... 5
Å vere grøn kyrkjelyd ................. 5
Friluftsgudsteneste ..................... 6
Camilla på heimebane ................ 7
Glimt frå Trusopplæringa.... 8 & 9
Kunngjeringar............................ 10
Gudstenester ............................. 11
Historia om korset...................... 12



# MIN SALME

## Helge Brenno



Helge Brenno var den aller fyrste kyrkjeverja i Gol, etter at Kyrkjelova av 1997 sette kyrkjeverje som øverste administrative leiar i kyrkjene lokalt. Han hadde denne stillinga frå 1997 til 2001, då han gjekk av med førtidspensjon. Tidlegare hadde han 35 år bak seg som bankfunksjonær.

TEKST OG FOTO: **KJELL SLÅTTEN**

Helge har vore ein aktiv pensjonist, med fleire år bak seg i m.a. eldreråd og eldrelag. Der har han trappa ned dei siste åra. Men ikkje som besøksven. Gjerne eit par gonger i veka er han innom på helsetun eller i omsorgs-bustader. Og onsdagar er han populær bingovert i bufellesskapet i Rundingen.

- Eg synest det er behov for å besøkje folk. Ein ser korleis gamle og einslege berre lyser opp når dei får nokon å prate med. Eg trur me må ta oss av kvarandre litt meir enn det som er vanleg i dag, seier han.

Valet av salme har ikkje vore heilt lett. Han har vore innom både "Navnet Jesus" og "Jeg er i Herrens hender", men enda til slutt opp med "Alltid freidig".

- Eg synest teksten er fin, og ein eg likar. Og så er jo dette ein salme eg, som dei fleste andre, har kjent heilt frå skuledagane.

Helge sender utfordringa med å velje salme vidare til Mari Eiklid.

### Alltid freidig når du går

**T**: E.C.Richardt, 1867
**M**: C.E.F. Weyse, 1838

Alltid freidig når du går
veier Gud tør kjenne,
selv om du til målet når
først ved verdens ende!

Aldri redd for mørkets makt!
Stjernene vil lyse;
med et Fadervår i pakt
skal du aldri gyse.

Kjemp for alt hva du har kjært,
dø om så det gjelder!
Da er livet ei så svært,
døden ikke heller.




## GOL OG HEMSEDAL KYRKJEBLAD

**Antall nr.:** 6 nummer i året
**Utgjevar:** Kyrkja i Gol, Hemsedal og Herad
**Redaksjon:** Kjell Slåtten, Sølvi Larsen Aalrust (red.), Gunnar Rudningen, Kristine Viko, Ludvig Munkejord.

**Ekspedisjon:** Kyrkjekontoret 3550 Gol
**Kasserar:** Arne Oddmund Tuv, 3560 Hemsedal.
**Bankgiro:** Sparebank 1 Hallingdal 2367.60.00097
**E-post:** oaalrust@online.no



## GOL, HERAD OG HEMSEDAL

**GOL KYRKJEKONTOR**
**Ekspedisjonstid månd – fredag 9.00–15.00**
Gol kommunehus 3. etg. Tlf: 32 02 90 00
kyrkja@gol.kommune.no www.gol.kyrkja.no

**Kyrkjeverje: Anne Gerd Jorde**
Dir.tlf. 32 02 91 35 • Mobil: 971 58 134
anne.gerd.jorde@gol.kommune.no
Fridag torsdagar.

**Sokneprest: Jan Olav Skinnemoen**
Dir.tlf. 32 02 91 37 • Mobil: 952 75 312
jan.olav.skinnemoen@gol.kommune.no
Måndag: Fridag.

**Diakon: Martha Frøyland**
Dir.tlf. 32 02 91 38 • Mobil: 476 27 663
martha.froyland@gol.kommune.no

**Organist: Justin Vickery**
Tlf. 474 75 580 • justin.vickery@gol.kommune.no
Kontortid onsdagar kl 14.30–16.00

**Sekretær: Thorunn Haugo**
Tlf: 32 02 91 39
thorunn-helene.haugo@gol.kommune.no
Kontortid: annakvar måndag, kvar tirsdag, onsdag og torsdag

**Kyrkjetenarar:**
**Ludvig Munkejord** Tlf.: 911 22 763
**Knut Ole Klepp** Tlf.: 906 58 761

**Trusopplærar for Gol og Hemsedal:**
**Britt Marie Haraldset Hafsås** Tlf. 951 22 136
britt-marie.haraldset-hafsas@gol.kommune.no

**HEMSEDAL KYRKJEKONTOR**
**Ekspedisjonstid månd – torsdag 9.00–15.00**
**fredag 9.00–12.00**

Hemsedal kommunehus Tlf. 31 40 88 45
kyrkjekontoret@hemsedal.kommune.no
www.hemsedal.kyrkja.no

**Kyrkjeverje: Kjetil Th. Storebråten**
Kontortid: Måndag–tors: 9.00–15.00
fre: 9.00–12.00
Tlf: 31 40 88 45 Mob: 908 21 745
kjetil@hemsedal.kommune.no

**Sokneprest: Camilla Osnes**
Mobil: 977 15 677 Måndag: Fridag.
camilla.osnes@hemsedal.kommune.no

**Organist: Mikael Søndergaard Christensen**
Tlf: +45 284 56 959 (Dansk mob)
lutemusic@gmail.com

**Kantor: Peter Rødel**
Tlf: 950 49 045
kape10@hotmail.no

**Kyrkjetenar: Wilfried Westera**
Tlf. 971 09 922
wilfriedwestera@live.nl

**Gravplassen: Hans Vidar Sørensen**
Tlf: 911 76 827

**Sokneråda:**
**Herad:** **Leiar Gunn Astrid Frøysok**
Tlf. 990 34 376
**Gol:** **Leiar Trygve Lono Smedsgård**
Tlf.: 900 63 161
**Hemsedal:** **Leiar Sissel Rudningen**
Tlf: 419 35 246

**Fellesråda:**
**Gol:** **Leiar Ola Grønseth**
Tlf. 920 97 939
**Hemsedal:** **Leiar Unni Bjørke**
Tlf. 906 54 701

**Ynskjer du å gje ei gåve til kyrkja:**
Hemsedal: 2367.20.49482
Gol: 2324.20.01354
Herad: 2324.62.05795

# Påske er en bevegelse fra mørke til lys

## ANDAKT

PÅTR. PROST SVEINUNG HANSEN



Påskefortellingen rommer livets fasetter og kontraster. En fortelling om hyllest og hån, om tette fellesskap som brytes i stykker. Om en kamp for kjærligheten på liv og død. En historie om lyset som må kjempe seg fram. Alle sider av livet kommer fram i Jesu siste dager. Det starter med folks jubel i møte med en som representerte fred og frihet, men begeistringen ble knust av dem som hadde makt. Ikke ulikt folks møter med totalitære regimer. Det er fest og fellesskap rundt måltidet, men bak ligger sviket på lur. Det er ensomhet og fortvilelse i Getsemane. Jesus lå på kne skjelvende av dødsangst. En dyptfølt følelse av å være overlatt til seg selv. En ensomhet som mange har opplevd.
I fortellingen møter vi makten som dreper og undertrykker uskyldige. De som kan rømmer og gjemmer seg. Vi får høre ropet fra korset: «Min Gud, min Gud, hvorfor har du forlatt meg?» Ropet etter Gud i den meningsløse lidelsen. Maktesløshet og håpløshet preger den lange fredagen. Var det alt?

Nei. Etter langfredag kom påskemorgen. Det kunne nok være umulig å tro på under langfredagens kors. For akkurat som det i sorgen og det vonde som møter oss i livet kan det være vanskelig å få øye på lyset som bryter mørket.

Samtidig er det håpet om at kjærligheten er sterkere enn det onde som holder oss oppe. Det er troen at livet er sterkere enn døden som får oss til å fortsette å leve. Påskemorgen slukker sorgen. Påskemorgens solskinn kom etter langfredagens mørke.
Når livet oppleves på det mørkeste er det vanskelig å se for se en lys framtid. Men en belastende fortid er mulig å legge bak seg. Peter møtte en som ikke brukte fortida mot han, men en som gav han en ny mulighet. Han fikk erfare veien fra topp til bunn kan være brå. Det oppleves nådeløst, men på bunnen kan også nåden finnes. Peter måtte til bunns for å forstå kjærlighetens innerste sannhet: At det største av alt er å bli elsket selv når vi ikke har fortjent det.
I møte med den oppstandne ble han oppreist.

Det finnes tilgivelse og nye sjanser når livet har tatt en retning vi ikke ønsket og ville. Fordi kjærlighetskreftene vant over hatet. Fordi livet vant over døden, og det ble en påskedagsmorgen får vi nye morgener og nye sjanser.

Dette påskebudskapet som formidles av alle fire evangelistene og har inspirert kirkekunstnere i generasjoner. I Hallingdal har vi flere slike symbolrike altertavler som vitner om påskebudskapet på ulik måte. Hva med å la påsken være en bevegelse? Fra kirke til kirke. Fra mørke til lys. Fra nattverden i Hovet kyrkje, til Jesus i Getsemane i Flå kirke og Herad kyrkje, til bilder av den korsfestede Jesus i Leveld, Nesbyen og på Ål, og til slutt møter vi den oppstandne Kristus i Skurdalskyrkja og i Gol kyrkje. Jesus som sier Jeg er oppstandelsen og livet. På Geilo vitner Kjell Nupens 13 meter høye glassmaleri i kulturkyrkja om bevegelsen fra mørke til lys. Lyset som bryter seg fram. Morgen etter morgen. Som et oppstandelsestegn. Hver morgen kjemper det. Døden og lidelsen blir ikke borte, men lyset bryter igjennom.

# Den gong då...

Kyrkjebladet vil svært gjerne ha brev frå lesarane, men dei er dessverre sjeldan vare. I dette klippet frå 1995 har me likevel fått eitt. Det kom som reaksjon på ein omtale i nummeret før, av eit samarbeid mellom idrettslag og kyrkje i Gol, der gudsteneste var innlemma i Idrettslagets Dag på samfunnshuset.

Me ser elles at kyrkja engasjerer seg for nye landsmenn som har kome til bygda. I månadene før hadde Gol teke imot 28 flyktningar frå Bosnia.

TILBAKEBLIKK: **KJELL SLÅTTEN**



Diakonihjørnet

### Fastebøsser

Det blir nå lagt ut fastebøsser til fastelavens-søndag i kirkene, slik at du kan ta med deg hjem. Mange synes det er en fin tradisjon å markere fastetida med å ha fastebøssa liggende på bordet, og putte penger på. Det kan være fint å lære barna til å være med å dele litt av den overfloden vi har. Det blir også lagt ut barnekalendere og hefter som kan leses i fastetida. Der er også forslag til små aktiviteter dere kan gjøre i fastetida. Det vil bli innsamling til Kirkens Nødhjelp tirsdag 4. april, hvor konfirmantene kommer rundt med bøsser, og da kan du putte pengene på dem. Eller du kan levere bøssene i kyrkja eller på kyrkjekontoret.

*DELE*
*er å gi og å få*

### Kyrkjeskyss

Hvis du ønsker skyss til Gol kyrkje, og du bor i sentrum, kan du ringe til:
Aslaug Auråker, tlf. 32 07 43 57
eller Olav Brønstad, tlf. 32 07 43 07
Vennligst ring senest fredag kveld eller lørdag formiddag for å høre om det passer. Minibussen fra Helsetunet begynner ikke å kjøre før i begynnelsen av mars.

*Ingrid Økesveen*

### Takk!

Frode Juul har vore med i kyrkjebladredaksjonen i to og eit halvt år. Vi vil takka han for alt arbeid som er nedlagt gjennom biletstoff og skriving, og ikkje minst for godt medarbeidarskap.

*Redaksjonen/Jk*

## Brev frå lesarane

**En sunn sjel i et sunt legeme**
Slik lød overskriften på et innlegg i forrige nummer. Er enig i det som sto der men bevare meg vel: halvparten manglet. Visst skal kirken gå ut og oppsøke hverdagen. **Men den skal ikke trekke hverdagen inn i kirken.**
Ytre Suløens jazzensemble og mange andre mer eller mindre profane celebriteter har opptrådt og opptrer i kirkene i Hallingdal. De har ingen ting der å gjøre. Kirken er Guds hus, og ved evt. utleie av lokalene finnes det ikke rom for skjønn. Avkristningen av Norge går fort nok likevel, om ikke kirken også selv skal hjelpe til med den.

*G. Schjøth-Iversen, Gol*

## «Dugnad for flyktningar»

*Zahida Pehlivanovic serverer bosniske kaker til ektemannen Sidik og Helge Brenno, som er leiar i Herad sokneråd.*

**Staten kan hjelpe til med å skaffe bustad, mat og klede, men kan gjere lite for å opprette kontakt med bygdefolk, venskap og sosiale nettverk i innvandrarane sin kvardag.**
Denne erkjenninga ligg bak prosjektet "En kirkelig dugnad for flyktninger" der Gol er ein av fem satsingskommunar i Sør-Norge. Prosjektet blir støtta med midlar frå Kommunaldepartementet og Utlendingsdirektoratet.
Trass i namnet, er ikkje prosjektet i Gol eit reint kyrkjeleg tiltak. Både Røde Kors, Helselaget og engasjerte enkeltpersonar er med, i tillegg til diakoniutvalet.
Den fyrste "Bli kjent"-kvelden vart halden på Gol bedehus før jul, den andre i midten av januar.
Vidare utover vinteren er det lagt opp til jamlege treff-kveldar, der bygdefolk og innvandrarar skal lære kvarandre betre å kjenne.
Etter at Gol i siste halvdel av 1994 tok imot 28 bosniarar, er det no i alt rundt 60 flyktningar i bygda.

*Kj.S.*

## Adventsstund i Gol kyrkje

*Her er Vesterhus barnehage samlet i Gol kyrkje 9. desember.*

### REKNESKAP FOR GOL OG HEMSEDAL KYRKJEBLAD 1994

| | Inntekter | Utgifter |
|---|---|---|
| Bladpenger Gol | kr 47.520,- | |
| Gaver Gol | kr 6.573,- | |
| Bladpenger Hemsedal | kr 23.670,- | |
| Gaver Hemsedal | kr 2.985,- | |
| Bladpenger Utenbygds | kr 6.285,- | |
| Gaver Utenbygds | kr 600,- | |
| Annonser | kr 810,- | |
| Bank og Post renter | kr 1.649,12 | |
| Trykking av bladet | | kr 62.777,32 |
| Porto | | kr 17.434,10 |
| Diverse utgifter | | kr 10.013,335 |
| Underskudd i 1994 | kr 132,65 | |
| | kr 90.224,77 | kr 90.224,77 |

Bank og Post innskudd pr. 31.12.94 kr 30.673,81

| | Aktiva | Passiva |
|---|---|---|
| Saldo pr. 01.01.94 | kr 30.806,46 | |
| Underskudd i 1994 | kr 132,65 | |
| Kapitalsaldo pr. 31.112.94 | | kr 30.673,81 |
| | kr 30.673,81 | kr 30.673,81 |

*Revisor* *Kasserer Ole Juven*

Gol og Hemsedal kyrkjeblad side 5



# Praktiser oppstandelsen!

TEKST: **JAN OTTO MYRSETH**
FOTO: **TUNSBERG BISPEDØMME**

Hver søndag samles kristne mennesker for å feire tilværelsens desidert største begivenhet. Det forunderlige er at det ikke finnes menneskelige vitner til denne hendelsen. De potensielle vitnene sov tungt da Guds Sønn stod opp fra de døde.

De primære kildene våre, evangelistene, vitner om at de kom til en tom grav. Så forteller de om flere møter med den oppstandne Jesus, men ingen av dem påstår å ha vært vitner til selve oppstandelsen. Ingen så at steinen ble rullet bort. Men noen kvinner møtte engelen som hadde gjort det.

Hvis denne historien var et påfunn og du ville få andre til å gå på limpinnen, ville du være ganske naiv og lite taktisk om du førte kvinner inn i vitneboksen. Da ville det hefte noe tvilsomt ved hele historien, siden kvinner på den tiden ikke hadde troverdighet eller aksept som juridiske vitner.

Men selv om apostlene ifølge Lukasevangeliet først mente at kvinnene fór med løst snakk, sprang de til graven for å se etter. Graven var tom, og de undret seg over det som hadde hendt. Etter hvert fikk de møte den oppstandne ansikt til ansikt, ja, så mange som fem hundre mennesker møtte ham i live ved en anledning.

Oppstandelse er ikke bare det som skjedde med Jesus, men også det som skjedde med disiplene. De gikk i dekning etter Langfredag, men etter møtet med den oppstandne Jesus gikk de ut i verden på nytt. Noe hendte i dem, noe ble satt fri i dem da de gikk fra å gruble over det uforståelige, til å praktisere oppstandelsen.

Du reagerer kanskje på uttrykket, men er det ikke det vi gjør når vi oppsøker det stedet der Jesus har sagt han er å finne? Han sa: "For hvor to eller tre er samlet i mitt navn, der er jeg midt iblant dem" (Matt 18,20).

Å praktisere oppstandelsen er å ta Bibelens budskap på alvor, midt i en verden full av død og fordervelse. Det er å trosse sin egen tvil og frykt, og våge seg til å gå for å se om det er noe i ryktene. Det er å stole mer på Bibelens ord enn min egen erfaring.

Millioner har gjort det før meg. Apostlene ble så overbeviste om at dette var sant at de frivillig gikk i døden framfor å fornekte Jesus. Utallige andre har gjennom to tusen år vitnet med sitt liv og sin død om sannheten i dette budskapet. Du kan også trygt stole på det.

# Er det håp for ungdom i kirken?!

TEKST: **HENRIK GUII-LARSEN**
FOTO: **TUNSBERG BISPEDØMME**

Jeg var bare 16 år gammel. Vi satt i en stor ring med stearinlys som eneste lyskilde. Jeg husker at jeg satt ubehagelig på det harde tregulvet; tenåringsgutter og tregulv er sjelden en god kombinasjon. Jeg husker hvordan de svette hendene grep rundt den nesten helt nye konfirmantbibelen mens hjertet dundret i brystet. Stemningen lå et sted mellom mellom klein og hellig. Jeg prøvde å dempe den indre uroen med et par dype innpust, men til ingen nytte. Og så plutselig, med overranskende klar og rolig stemme, begynte ordene å strømme ut av munnen min. De handlet om Jesus og lyspærer, og om hvordan vi kunne skinne for andre. Men at vi alle trengte strøm, altså Jesus.

Alle kan se tilbake på perioder, enkelthendelser, personer eller åpenbaringer som har fått varige konsekvenser for hvordan livet har blitt. Og selv om livet i sin helhet kan by på endring, tror jeg de fleste av oss kan peke på noe helt avgjørende fra ungdomstiden; en vennegjeng, en frivillig medarbeider, en kateket, en idrettsklubb eller som i mitt eksempel, et halvkleint møte på en kristen påskeleir.

I ungdomstiden står mye på spill, og den har i seg både sårbarhet og vekst i rikt monn. Folk som er engasjert i kirkens ungdomsarbeid er i en helt unik posisjon til å bidra til å møte denne sårbarheten og samtidig gi ungdom vekst gjennom livsmot, selvtillit, tro, håp.

I inneværende skoleår satser Tunsberg bispedømme spesielt på ungdom gjennom «Ungdomsåret.» Mange tenker at ungdom i utganspunktet ikke er så interesserte i kirkens gjøren og laden, og jeg tror vi kan gi de rett i det. Nyskjærrigheten er kanskje der, men de kommer ikke stormende til gudstjenester og kirkelige arrangementer.

Men er det likevel håp for kristent ungdomsarbeid!? Ja, så absolutt. Mye lever godt selv om det ikke er så stort, og det finnes mange dyktige og engasjerte frivillige og ansatte som på mer eller mindre regelmessig basis legger til rette for at ungdom skal komme til kirken og finne godt fellesskap. Og ikke minst tror vi at Gud vil noe med og for ungdom i Tunsberg.

Vi har valgt «håp» som overskriften for satsningen Ungdomsåret.
Det handler om håp for den enkelte ungdom - om å finne tro, livsmot og glede i en kompleks verden.



Det handler om håpet som dukker opp når voksne bryr seg, ser og engasjerer seg for ungdom. Mange unge kan fortelle om «den ene» voksne som tok seg tid til en prat og som aldri lot prestasjoner, dårlige holdninger eller et og annet banneord stå i veien for relasjonen.
Og så handler det om håpet vi har i Jesus.

Det grenseløse håpet som ligger i at Gud ble menneske og forsonte seg med oss og gav alt i kjærlighet.
Summen av disse håpene viser at det virkelig har noe for seg å drive kristent ungdomsarbeid. Vi tror at håpet kommer smygende når vi fokuserer positivt på den enkelte ungdom og gir de støtte, boltreplass og reell medvirkning i sin lokale menighet.

Men aller mest dukker håpet opp når unge får koble seg på «strømkilden» som aldri tar betalt eller går tom; Jesus Kristus.

# Unike gaver til 90- og 100-åringer

TEKST: **MARTHA FRØYLAND** FOTO: **BRITT MARIE HARALDSET HAFSÅS OG MARTHA FRØYLAND**

Fra 2018 har vi gjort en endring på bursdagsbesøk til jubilanter. Barna på Gullrekka pynter bilderammer, og ungdommene på Amadeus skriver bibelvers som rammes inn. Disse bildene blir brukt som gaver til dem som fyller 90- og 100 år i Gol og Herad. Mange av «bursdagsbarna» synes det er stas å få en slik unik og hjemmelaget gave!

Det har vært en tradisjon at medlemmene i Den Norske kirke i Gol og Herad, som fyller 80- og 90 år, fikk besøk og en gave fra diakoniutvalget. I 2018 har vi gjort en endring på denne tjenesten. Nå får de som fyller 90- og 100 år, besøk og en gave.


*90-åringen Sigrid Brennhovd takker for gaven*


*Åsta Brenno fylte 90 år i fjor sommer*


*Solveig Berget får litt hjelp av Marianne Munkejord*


*Synne Kristin Haraldset Hafsås pynter bilderammen*

Det har vært mange fine møter gjennom årene med 80-åringene. Vi opplever at mange av dagens 80-åringer er friske og aktive. Det er ikke alle vi får tak i en gang siden de knapt er hjemme! Vi har derfor valgt å prioritere bursdagsbesøk til 90- og 100-åringer. Men dersom noen har et spesielt ønske om å få besøk av en frivillig, diakon eller prest, ta kontakt med kyrkjekontoret 32 02 90 00.

# Å vere grøn kyrkjelyd

For ein del år sidan vedtok sokneråda i Gol og Herad at dei skulle innføre å vere «Grøn menighet». Dette er ei ordning frå sentralt kyrkjeleg hald som kyrkjelydane kan være ein del av og tilpasse til sin eigen situasjon og si eiga drift. I våpenhusa i kyrkjene heng oppslag som punktvis fortel kva det inneber for oss.

«Grøn menighet» skal sette spor etter seg og merkast i gudstenestelivet, i dei daglege rutinane og innkjøpa, og i haldningar og tankar rundt miljø, forbruk og rettferd. For kyrkja er det viktig at bodskapen ikkje berre er ord og tankar, men har hender og føter til å verke i det lokalsamfunnet og i den verda ho er ein del av.

Slik vil du som brukar av kyrkje og kyrkjegard forhåpentlegvis finne at du kan sortere komposterbart og anna avfall, samt eigne boksar til EE-avfall. Du får rettferdig kaffi på kyrkjekaffien og innimellom legg presten vekt på viktigheiten av å ta vare på skaparverket som ein del av preika. Ein gong og to i året er sjølve gudstenesta ute i Guds frie skaparverk, anten på stavkyrkjetomta eller oppe på Golsfjellet, på kapelltomta på Kamben.

Ein viktig del av dette er og fasteaksjonen vår, der me gjennom innsamling til Kirkens Nødhjelp, får vere ei brikke i den store jobben med å byggja ei betre, grønare og meir rettferdig verd.

Dette er viktige ting å tenkje på. Ikkje berre for kyrkja, men for kvar enkelt av oss. Korleis me saman og kvar for oss kan bidra med vår del av kampen for eit betre miljø, eit sunnare forbruk og ei meir rettferdig verd.

TEKST: **LUDVIG MUNKEJORD**

Blomsterspira

Vi har stort utvalg av planter og snittblomster og vi utfører alt av binderi til alle anledninger.

Du finner oss under SPAR, Gol
908 870 28 - blomsterspira@gmail.com
Blomsterspira Blomsterspira

SOLSTAD HOTELL
MOTELL - KAFETERIA - 3550 GOL
Med den gode stemningen!

TEKST & FOTO: **LUDVIG MUNKEJORD**




# Eit mangfaldig påsketilbod

Påska er høgtid for kyrkja. Du kan møte den der du er – høgt oppe på fjellet slik som på biletet her, eller i kyrkja nede i bygda.

Du kan oppleve kongestemning på palmesundag, måltidsfellesskapet på skjærtorsdagskvelden, lidingshistoria og dramatikken på langfredagen og den glade bodskapen om at Jesus har stått opp og lever på påskedagen. Bruk kyrkjene våre og møteplassane våre for å oppleve påska slik den eigentleg er.

**Det kan vere velsignande godt!**

SpareBank 1
HALLINGDAL VALDRES

Du finner oss i hele Hallingdal
Flå - Nesbyen - Gol - Hemsedal - Ål - Geilo

sb1.no • tlf. 915 03 202

## Kyrkje·valet 2019

kirkevalget.no

**Innleveringsfrist listeforslag**

Frist for å levere inn listeforslag til sokneradsvalet er tysdag 30. april. Nominasjonskomitèane vil som vanleg levere eit forslag, men det er også anledning for andre å stille listeforslag. Slikt forslag må i så fall bli fremma av 10 forslagsstillarar med stemmerett i soknet. For Hemsedal må ei slik liste innhalde minst 11 namn og i Gol må lista ha minst 13 namn.

Til bispedømmerådsvalget er det allerede klart at det blir stilt tre listeforslag: Nominasjonskomiteen (for bispedømmerådet), Åpen Folkekirke og Bønnelista. Det kan koma fleire forslag innan fristen.

Og gløym ikkje å ta kontakt med kyrkjekontoret eller nominasjonsnemnda om du ynskjer å vera ein av dei som vil stå på lista.

Ta kontakt med kyrkjekontoret om du har spørsmål, eller sjekk www.kirkevalget.no

# Camilla på heimebane



TEKST & FOTO: **LUDVIG MUNKEJORD**

Mange på Gol kjenner henne og mange har høyrt ho synge i ulike samanhengar. No er ho utflytta og livnærer seg som lærar i den store byen. Og så har ho laga seg eit band saman med seks musikarar. Så når Camilla Louise Økland Skredderberget riggar seg til konsert, så heiter bandet Camilla Lou.

Slik var det den fredagskvelden med heimebanekonsert i Herad kyrkje. Med eigne tekstar og melodiar. Kvardagsleg, jordnært og til ettertanke. Ho syng om livet slik det er og slik det kunne vere. Og det som er flottast av alt er at alle tekstane er på skikkeleg golingsdialekt.

Det er godt å fylle kyrkja som konsert-lokale, særleg til våre eigne dyktige musikarar. Og det er godt å sjå ei kyrkje med mange tilhøyrarar som hadde ei fin og god musikalsk oppleving denne kvelden.  Og så er me ikkje så reint lite stolte av at me på Gol kan fostre opp ungdom som kan gje oss tilbake på så positiv måte som dette.

Tusen takk!




# Årsmeldingar

**I Gol har vi årsmelding både for Gol sokneråd, Herad sokneråd og fellesrådet i tillegg til rapportane frå diakon, trusopplæring og musikk. Alt blir lagt på nettsida.**

Alle årsmeldingane for 2018 som er handsama i sokneråd og fellesråd, vil du finne på heimesida til kyrkjekontora. Dersom du ikkje er på internett og gjerne vil lesa årsmeldingane, kan du ta kontakt med kyrkjeverjene så sender vi meldingane til deg i post.

**Gol:** gol.kyrkja.no - Tlf 971 58 134
**Hemsedal:** hemsedal.kyrkja.no - Tlf 908 21 745



## Takk til Kjetil Th. Storebråten

Kyrkjebladet vil med dette takke vårt redaksjons-medlem og fotograf Kjetil Storebråten for ti år i bladet. Mye godt arbeid og mange gode historier har Kjetil stått for - tusen takk!

- Hilsen redaksjonen i Kyrkjebladet

# FASTEAKSJONEN 7.-9. APRIL 2019

Det sto feil dato for Fasteaksjonen i det siste nummeret av Kyrkjebladet.
Vi beklager dette!

Snart kommer konfirmantene i døra for å samle inn penger til Kirkens Nødhjelps arbeid. Ta godt imot konfirmantene!

**Hemsedal**
**7. - 9. april**
**Gol og Herad**
**9. april**

KIRKENS NØDHJELP
actalliance

Vipps, SMS **(GAVE) 2426** (200 kr)

TEKST OG FOTO: **BRITT MARIE HARALDSET HAFSÅS**




*Konfirmantane frå Gol, Hemsedal og Hol var på leir på KRIK høyfjellssenter i Hemsedal 25.-27. januar.*

# Glimt frå trusopplæringa

9. mars var alle hallingdalskonfirmantane samla til konfirmantfestival på Gol samfunnshus.

Her var Ten Sing Norway med og hadde seminar i dans og drama, for dei som hadde valgt det. Dei andre var med på innebandyturneringa. Her vart det knepent finaletap for golingslaget Raske Shades mot Nes 2. I tillegg inneheldt dagen solidaritetstivoli, der konfirmantane samla inn 2248 kr + noko på Vipps til KFUK Bangladesh.

Det var og gudsteneste med nattverd og bønevandring.



*Finalestemning: Nes 2 mot Raske Shades. Sluttresultat 6-5*



*Nattverd og bønevandring med regnbuebøn i fastetida.*

**Kode B**

Kode B er fire samlingar med Bibelen som tema. På Gol starta vi opp for 6. klassingar i mars og avslutter til påske. I Hemsedal er 6. og 7. klasse velkomne rett etter påske.




*Ein av aktivitetane på fyrste samling av Kode B på Gol var å pusle «den lille Bibel» (Joh 3,16)*



**(snart) Førsteklasses**

Dei som fyller 6 år i 2019 og skal begynne på skulen til hausten var invitert til kyrkja på (snart) Førsteklasses i mars. Vi hadde to ettermiddagssamlingar saman med mellom anna skattejakt der vi vart kjend i kyrkja, og så kom dei på gudsteneste og fekk 6-årsboka si.



*Otilie Øyen Markegård og Gunhild Heid tenner lys i Hemsedal kyrkje 10. mars*



*Framtidige organistar?*
*Emilie Heiene Espeset, Teemu Philip Mikula, Vemund Bleiktvedt, Sofia Haugstad Flaget og Oda Jegleim Eldstad i Herad kyrkje 11. mars.*



*Seksåringane var med å lyse velsignelsen i Hemsedal kyrkje*
*F.v: Frida Østlie, Camilla Osnes, Synne Kristin Haraldset Hafsås, Otilie Øyen Markegård og Gunhild Heid*

# KUNNGJERINGAR

## DØYPTE

**Herad kyrkje:**
10.03.19 Olava Erstad Storebråten

**Gol kyrkje:**
17.03.19 Steingrim Haugstad Haugen
24.03.19 Oline Jakobsen Haugen
24.03.19 Henriette Stensrud Damstuen
31.03.19 Else Handeland

## Konfirmantar i Herad

### Sundag 5. mai 2019 - kl.10.00

Oliver Hagen
Kine Syversrudengen
Andrea Hagen Hallingstad
Marius Viko Rønbeck
Nora Kristine Rue
Wiktoria Anna Strand
Mia Lethigangas Rustberggard

### Sundag 5. mai 2018 - kl.12.00

Sindre Lauvvang Rivedal
Leander Waag Østro
Jonathan Width
Ådne Bjørge Sillerud
Marius Eriksen Garborg
Emil Andre` Anderssen

## Konfirmantar i Hemsedal

### Laurdag 25. mai 2019 - kl.11.00

Mia Olsen
Iris Mikkola
Tonje Haugen Ødegård
Synne Elise Christensen Siljebøl
Maja Owesen
Norah Løkken
Milla Sofie Pettersen Henriksson
Nicklas Løkken
Eilev Øynebråten Kirkebøen
Alfons Sjögren
Sindre Gundersen Plassen

### Sundag 26. mai 2019 - kl. 11.00

Kari Løken
Ingrid Kristine Eikre
Tuva Møllerplass Mythe
Signe Rivedal Hjelmen
Ingvil Intelhus Markegård
Malin Moen Magnetun
Kristine Markegård
Marte Markegård
Amalie Knarvik

***NESTE KYRKJEBLAD***

*Nr. 3/2019 kjem ut i uke 24*
*Stoff sender ein til: oaalrust@online.no*
***innan 9. mai***

## VIGDE

**Hemsedal kyrkje:**
23.02.19 Marit Jorde og
Christopher Cassidy Svennevik
02.03.19 Lene Bergersen og
Chris Booth
16.03.19 Marianne Steen og
Rudi Kitter

## Konfirmantar i Gol

### Laurdag 11. mai 2019 - kl.11.00

Kristian Moholt Langehaugen
Ole Jakob Bjørnsen Ness
Magnus Buøen Øynebråten
Aleksander Grøndalen
Murilo Josvanger
Johannes Saue Jacobsen
Elben Gifford- Brown
Mirabell Petrea Flindt Haugstad
Ingvild Orset Svello
Linnea Hjorth Jørgensen
Sofie Garnås Personbråten
Anniken Brenno Opheim
Hanne Irene Leikvold
Liv Marthine Halden Berger
Aurora Larsen Nymoen
Silja Bjørnebråten

### Sundag 12. mai 2019 - kl.11.00

Kristian Smøttebråten Brøto
Jørgen Kristiansen
Embrik Slaatto
Knut Svare
Edvard Andre`Rolid
Thomas Lien Skaret
Trond Ørjan Sortebråten
Ingrid Skredderberget
Nina Magnetun
Emilia Lokreim Sollie
Nora Maria Fløysand
Ragnhild Johanne Haugstad
Maja Karlsen Brennhovd
Ingeborg Skrindo
Lea Hefte
Kim Skaugtun



## Dugnad på Kyrkjegardane

**Herad kyrkjegard**
Tirsdag 30. april - kl. 17.00

**Gol kyrkjegard**
Mandag 6. mai - kl. 17.00.

**Hemsedal Kyrkjegard**
Onsdag 8. mai - kl. 10.00 - 12.00

Ta med reidskap. Bevertning.
**Alle er velkomne!**

## DØDE

**Herad kyrkje:**
13.02.19 Gunhild Skaret f.1920

**Gol kyrkje:**
17.02.19 Ragnar Haugstad f.1939
18.02.19 Halgrim Ulsaker f.1924
28.02.19 Knut Brenno f.1935
02.03.19 Jens Offerdal f.1934
*(gravlagt Ål )*

**Hemsedal Kyrkje:**
01.02.19 Grete Laila Aaserud f. 1941


**GOL BEGRAVELSESBYRÅ AS**
Bente Andreassen - Vakt tlf. 480 234 77
www.golbb.no

**HEMSEDAL GRAVFERDSBYRÅ**
Olav Støyten og Hans Vidar Sørensen
Tlf: 97 41 41 00

**JØLSTAD HALLINGDAL GRAVFERDSBYRÅ AS**
Steinar Aa - Vakt tlf: 32 08 23 00
www.hallingdalgravferd.no





## Velkommen til Bibellesegruppe

*Følgande måndagar*
*6. mai - 20. mai - 3. juni -17. juni*
***Gol Bedehus kl. 19-20***
*Ta gjerne med din egen Bibel.*

*Ved spørsmål ta kontakt med*
*Bjørg Bjørgo Lie 97769489 eller*
*Martha Frøyland 47627663.*

## Innlevering av telegram til konfirmasjonene

**Herad kyrkje:**
Innlevering av telegram i kyrkja
fredag 3 mai kl. 17.00 – 18.00

**Gol kyrkje:**
Innlevering av telegram i kyrkja
fredag 10. mai 17.00 – 18.00

**Hemsedal kyrkje:**
Innlevering av gåver og telegram
på kyrkjestugo kl. 09.00 - 12.00
laurdag 25. mai og sundag 26. mai

# VELKOMEN TIL KYRKJE!

**9. april - Fasteaksjonen**
Gol og Hemsedal

**10. april - Onsdag**
HEMSEDAL KYRKJE KL 19.30
Konsert til inntekt for rehabilitering av Kyrkjeorgelet i Hemsedal Kyrkje. Hemsedalskoret, Mikael S. Christensen

**14. april – Palmesøndag**
HERAD KYRKJE KL.11.00
Nattverd. Osnes.
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

HEMSEDAL KYRKJE KL.19.00
Johannesmonologen med Sigurd Dahle. Påskequiz på kyrkjestugo etter framsyninga.

**18. april – Skjærtorsdag**
LYKKJA KAPELL KL.11.00
Nattverd. Skinnemoen.
Takkoffer: Lykkja kapell

HERAD KYRKJE KL.13.30
Påskemeditasjon på orgel.
Justin Vickery.

BYGDAHEIMEN KL.13.30
Andakt med nattverd.
Skinnemoen.

GOL KYRKJE KL.18.00
Nattverd. Skinnemoen. Frøyland.
Takkoffer: Diakonarbeidet i kyrkjelyden Måltidsfellesskap

**19. april – Langfredag**
GOL KYRKJE KL.11.00
Osnes.

HEMSEDAL KYRKJE KL. 19.00
Osnes.

OSET KAPELL KL.21.30
Osnes.

**21. april – Påskedag**
GOL KYRKJE KL.10.00
Skinnemoen.
Takkoffer: Misjonsalliansen

LYKKJA KAPELL KL.11.00
Osnes. Nattverd.
Takkoffer: Lykkja kapell

SØRÅSEN KL. 13.00
Friluftsgudsteneste ved fjellet «kyrkja» ca.18 km frå bommen i Herad på vegen over til Bagn.
Skinnemoen.

HEMSEDAL KYRKJE KL.17.00
Osnes. Nattverd.
Takkoffer: Misjonsprosjektet i Nepal

**28. april – 2. søndag i påsketida**
GOL KYRKJE KL.11.00
Samtalegudsteneste. Nattverd.
Osnes. Skinnemoen.
Takkoffer: Nye konfirmantkapper

**5. mai – 3. søndag i påsketida**
HERAD KYRKJE KL.10.00
Konfirmasjon. Osnes.
Takkoffer: Konfirmantarbeidet

HERAD KYRKJE KL.12.00
Konfirmasjon. Osnes.
Takkoffer: Konfirmantarbeidet

KYRKJESTUGU KL.17.00 (mat kl.16.00)
Søndag for alle

**11. mai - Lørdag**
GOL KYRKJE KL. 11.00
Konfirmasjon. Skinnemoen.
Takkoffer: Konfirmantarbeidet

**12. mai - 4. søndag i påsketida**
GOL KYRKJE KL. 11.00
Konfirmasjon. Skinnemoen.
Takkoffer: Konfirmantarbeidet

HEMSEDAL KYRKJE KL.11.00
Samtalegudsteneste. Osnes.
Takkoffer: Familievern. Ål.

**17. mai - Nasjonaldagen**
HERAD KYRKJE KL.09.30
Skinnemoen. Takkoffer: Redd barna

HEMSEDAL KYRJKE KL.10.15
Osnes. Takkoffer: Sjømannskyrkja.

**19. mai – 5.søndag i påsketida**
HERAD KYRKJE KL.11.00
Nattverd. Tårnagenter. Skinnemoen.
Hafsås. Takkoffer: Gullrekka

**24. mai - Fredag**
HEMSIL (HEMSEDAL SENTRUM)
KL. 17.00. Utegudsteneste med dåp.
Osnes.

**25. mai - Lørdag**
HEMSEDAL KYRKJE KL.11.00
Konfirmasjon. Osnes.
Takkoffer: Kyrkjelyden

**26. mai – 6. søndag i påsketida**
HEMSEDAL KYRKJE KL.11.00
Konfirmasjon. Osnes.
Takkoffer: Kyrkjelyden.

GOL KYRKJE KL.11.00
Skinnemoen/ Frøyland. Sangstund med mennesker med nedsatt funksjonsevne deltek. Takkoffer: Den Norske Israelmisjon 175 år

**2. juni – Søndag før pinse**
GOL KYRKJE KL.11.00
50 års konfirmanter. Nattverd. Osnes.
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet.

KYRKJESTUGU KL.17.00 ( mat kl. 16.00)
Søndag for alle

**9. juni – Pinsedag**
HERAD KYRKJE KL.11.00
Skinnemoen.
Takkoffer: Partners Norge

**10. juni – 2. pinsedag**
HEMSEDAL KYRJKE KL.19.00
Soul Children-gudsteneste. Osnes. Smørvik. Hemsedal Soul Children deltek. Takkoffer: KRIK Hemsedal

**16. juni – Treeingssøndag**
GOL STAVKYRKJE KL.11.00
Folkemusikkmesse. Nattverd.
Skinnemoen.
Takkoffer: Arbeidet i Stavkyrkja
Kyrkjekaffe. Gol stavkyrkje 25 år

**23. juni – 2. søndag i treeiningstida**
HEMSEDAL KYRJKE KL.11.00
Osnes. Takkoffer: Misj.prosj. Nepal

GOL CAMPINGSENTER (ved elva)
KL.19.00 St. hans gudsteneste. Osnes.
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet
*Ved dårlig vær er vi i Herad kyrkje.*

**30. juni – 3. søndag i treeiningstida**
GOL KYRKJE KL.11.00
Osnes. Takkoffer: Kirkens SOS

LYKKJASTEVNE KL.11.00
Arr: Normisjon.
Liturg Jan-Fredrik Raastad.
Takkoffer: Normisjon

**3. juli - Onsdag**
GOL STAVKYRKJE KL. 20.00
Musikkandakt.
Takkoffer: Arbeidet i stavkyrkja.

**Støtt kyrkjebladet på vipps**

**552440**
Vipps-nummer




# Disippeltreningskorset

TEKST: **KJETIL TH. STOREBRÅTEN**
FOTO: **NINA BROKHAUG RØVANG**

**På framsida av dette nummeret er det bilete av eit trekors. Biletet er teke av Gunnar Rudningen.**

På midten av 90-talet deltok Gunnar og ein del andre ungdommar på disippeltreningsskule (DTS) i Hallingdal. Målet var å inspirere og undervise ungdom i evangelisering, og bevisstgjere dei på eiga tru. Ungdomsarbeidar i Buskerud Indremisjon, Kjetil Th. Storebråten, var initiativtakar og leia DTS-opplæringa.




Det vart arrangert forskjellige samlingar på ulike stader. For å ha eit felles symbol for ungdommane, vart det laga eit trekors. Korset vart laga av Ivar Bjørnebråten frå Gol. Han laga det i full storleik. Ved å raspa treet med motorsag, og så brenne det, såg det ut som det var eldgamalt. I tillegg smidde han nokre spikarar som såg ut som dei var laga på Jesu tid. Det vart òg laga ein fot til korset, som det kunne stå i.

Korset følgde med rundt der det vart arrangert DTS-samlingar. Det vart brukt ved ulike arrangement og vekte alltid interesse og oppsikt. Siste gong korset vart brukt, var i påska 2015, då vikarprest Maria Bjørdal brukte det ved ei påskegudsteneste. Etter dette vart korset sett på ein låve, der det dessverre ved ei mistyding vart hogd til ved.



Som ein liten kuriositet kan eg nemne at bestyrar Egil Johan Gjertsen på Gulsrud Leirsted ved eit høve fekk sjå korset Ivar hadde laga. Det inspirerte han til å laga eit tilsvarande eit. Då Åmot kirke stod ferdig i 1996, tok dei kontakt med Egil og lurte på om han visste om eit kors som kunne brukast i kyrkjerommet i den nye kyrkja. Gjertsen fortalde at han hadde eit trekors han hadde laga. Om dei ville ha det, skulle dei få det i gåve til kyrkja. Dei takka ja, og er du innom Åmot kyrkje, kan du sjå korset Egil har laga, der.

Miljøfyrtårn®
PRODUSERT HOS H|T HALLINGDALTRYKK.NO